

# ØYGARDEN KOMMUNE

## OMRÅDEREGULERING – REGULERINGSFØRESEGNER FOR

jf plan- og bygningslova (pbl) § 12-7.

### KLEPPEDALEN - TORSVIK

Saksnr. 16/419

Nasjonal arealplan-ID 1259\_20150001

Vedteken dd.mm.åå

Sist revidert 21.10.2019

## § 1

### INTENSJONAR I PLANEN

Formålet med planen er å legge til rette for utbygging av bustader, idrettsanlegg, bussløyfe og sikre naturverdiar innanfor planen.

#### 1.1 Plankrav

1.1.1 Felta BB1-5 med tilhøyrande anlegg, o\_SKV1-5, o\_SKH1-2, o\_SGS1-3, o\_SF1-3, o\_SVT1-16, o\_SVG1-10 og o\_BIA kan søke rammeløyve utan detaljregulering. Andre felt avsett til bustader skal detaljregulerast før det kan søkast rammeløyve.

## § 2

### FELLESFØRESEGNER

(pbl § 12-7)

#### 2.1 Dokumentasjon ved søknad om tiltak

2.1.1 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal byggeplan være godkjent av Statens vegvesen.

#### 2.1.2 Utomhusplan:

Ved søknad om tiltak skal det leggast ved utomhusplan som viser plassering og utforming av leikeareal, planting, vegar, gangvegar/stiar, murar, trapper, skjeringar/fyllingar, avkøyrslar, VA-anlegg og overvasshandtering, nettstasjon/trafo, miljøstasjon/avfallsstasjon, materialbruk og støyskjermings tiltak og sikringsgjerdar.

- Utomhusplanen skal visa korleis uteoppfallsareal følgjer krav til storleik, kvalitet, støyskjerming og prinsippa for universell utforming.
- Utomhusplanen skal visa utforming og opparbeiding av terreng, og korleis eksisterande

terreng blir best mogleg ivareteke ved forskjellar i høgdenivå.

- Utomhusplanen skal også visa eksisterande og framtidig terreng, eksisterande og framtidig vegetasjon, forholdet til nabobygg, murar, trapper og gjerde.

2.1.3 Ved søknad om tiltak etter pbl § 20-1 skal det leggast ved ei skriftleg utgreiing som viser korleis intensjonane i planen vert følgd.

2.1.4 Ved søknad om løyve til tiltak :  
- skal det leggast ved prosjekteringsunderlag, som i tillegg til køyrevegen si nøyaktige plassering, horisontal- og vertikalplan skal visa fyllings- og skjeringsområde.

- skal det leggast ved illustrasjonar som viser fjernverknad og tilpassing til terreng og landskap.

- skal det dokumenterast at tiltaket har tilfredsstillande støyskjerming på inne- og uteareal.

2.1.5 Ved søknad om igangsetjing skal det leverast plan for gjennomføring av bygge- og anleggsarbeidet.

#### 2.2 Overvatn

2.2.1 Ved søknad om tiltak skal det gjerast greie for tiltak for infiltrasjon, drenasjevatt og overvatn frå tak og tette flater.

2.2.2 Val av jordtype og tilsåing skal utførast ut frå infiltrasjonsomsyn. Komprimering av grunn der det ikkje er naudsynt skal unngåast. Ved søknad om tiltak skal det vurderast bruk av ikkje-tette overflatedekke i staden for asfalt. Avrenning frå tette flater skal leiast til terreng, infiltrasjonsflater eller fordrøyingmagasin. Naudflomveg må synleggjerast i søknad.

#### 2.3 VA-rammeplan

2.3.1 Ved søknad om tiltak skal det leggast ved godkjend rammeplan for anlegg/infrastruktur knytt til vatn og avlaup. Det skal også dokumenterast tilstrekkeleg vassforsyning, samt at avlaupsanlegga tilfredsstillar krava til bortleiing/reinsing.

2.3.2 Ved søknad om tiltak i felt BKS2 skal det dokumenterast at avrenning frå feltet ikkje gjev negativ konsekvens for elva og artsmangfaldet.

#### 2.4 Avfallshandtering og massedeponering

2.4.1 Avfall og overskotsmassar skal transporterast bort til godkjend fyllplass.

## 2.5 Arkitektur, estetikk og kvalitet

- 2.5.1 Tiltak skal plasserast og utformast slik at området får ein god arkitektonisk og funksjonell heilskap i høve til eksisterande omgjevnader og landskap. Tiltaka si plassering skal tilpassast eksisterande terreng. Bygningar skal ha varierende byggehøgde og forsterke landskapsformer med bygningsvolum utforma med kontrast til landskap og vegetasjon.
- 2.5.2 Ved utarbeiding av byggjetiltak skal det leggjast vekt på bruk av miljøvenlege kvaliteter i val av materialar, vegetasjon og belysning.
- 2.5.3 Det er ikkje tillete med høge og skjemmaende skjeringar og murar, eller fyllingar som dominerer landskapet.
- 2.5.4 Det skal ikkje nyttast reflekterande takflater. Fargebruk skal tilpassast innbyrdes i felta. Variasjon i typologiar, fasadar og ulike farge- og materialbruk skal vektleggast. I felt avsett til busetnad i blokk og konsentrert busetnad skal det vere ulike utforming på busetnaden om det byggast fleire enn fem bustadeiningar av same type innanfor feltet.
- 2.5.5 Overbygde parkeringsplassar og garasjar skal utformast med takform og material- og fargeval som avdempar langstrakte volum.

## 2.6 Landskap og terreng

- 2.6.1 Inngrep i terreng skal minimaliserast. Det skal ikkje byggast på markante kollar og terrengformer. Bygningar skal forsterke stadleg landskapsformer.

## 2.7 Universell utforming/tilgjenge

- 2.7.1 Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn for alle utemiljø, leikeområde og inngangsparti.
- 2.7.2 Alle leikeområde skal ha universelt utforma tilkomst.
- 2.7.3 Minst 50% av totalt leikeareal skal vera universelt utforma.
- 2.7.4 Gang- og turveggar skal i hovudsak vere universelt utforma. Omsyn til terreng og landskap skal alltid vurderast i høve til universell utforming.
- 2.7.5 Utrykkingskøyrety skal ha tilfredstillande tilkomst til alle bygg.
- 2.7.6 Minimum 5% av parkeringsplassane skal settast av til rørslehemma. Dessé plassane skal plasserast i nær tilknytning til utgang/inngang/gangveg/evt. heis.

## 2.8 Tilrettelegging for bosshandtering

- 2.8.1 Det skal etablerast tilstrekkeleg med miljøstasjonar for boss, papir m.m. Stasjonane skal skjermast/overbyggast ut i frå omsyn til estetikk, tryggleik og forureining.

## 2.9 Støy

- 2.9.1 Alle nye bustadeiningar skal isolerast mot støy slik at innandørs støynivå held seg innanfor støygrensene i gjeldande støyforskrift. Uteopphaldsareal og leikeplassar skal ha støynivå under 55 dB. Bustadeiningar som har støynivå over 55 dB ved fasade skal vere gjennomgåande med støyfølsame rom lengst bort frå støykjelda. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012) skal følgast.

## 2.10 Byggegrenser

- 2.10.1 Nye tiltak skal plasserast innanfor byggegrensene. Tiltak som interne køyre-, gang- og sykkelveggar, støttemurar, støyskjermar og parkeringsplassar med og utan overbygg kan plasserast utanfor byggegrensene der tiltaket ikkje kjem i konflikt med kultur-, natur- og landskapsverdiar.
- 2.10.2 Byggegrense langs veg der ikkje anna er vist på plankartet:  
 - Vegen Skulebrekka: 15m frå senterlinje  
 - Fv561: 30m frå senterlinje  
 - f\_SKV4: 4m frå kant køyrebane

## 2.11 Energibruk

- 2.11.1 I samband med byggesøknad skal det vurderast alternative energikjelder.

## § 3 REKKEFØLGJEKRAV

- 3.1 Kryssområde med tiltak på fylkesvegen som vist i reguleringsplan skal vere opparbeidd før det kan gjevast igangsettingsløyve for tiltak innanfor BB1-5.
- 3.2 Kryssområdet Fv. 225/o\_SKV4 må vere opparbeidd med frisikt og teknisk utforming før det kan gjevast igangsetjingsløyve til tiltak innanfor felta BB1-5.
- 3.3 Køyreveg o\_SKV4, med tilhøyrande sideanlegg, skal vera ferdig opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve for bustader innanfor felta BB1-5.
- 3.4 Før det vert gjeve byggjeløyve skal det dokumenterast tilstrekkeleg skulekapasitet.
- 3.5 Støytiltak for støyutsette bustader og uteareal skal vere ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve for bustadeiningane.

- 3.6 Parkeringsplassar tilhøyrande bustadane skal vere ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve.
- 3.7 Tiltak for infiltrasjon for dreins- og overvatn på tak og tette flatar skal vere ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve.
- 3.8 Før det gjevast bruksløyve for bueingar skal følgjande leikeplassar vere ferdig opparbeida i tråd med §5.4.2:
- Felt BB1 skal opparbeide f\_BLK1-4.
  - Felt BB2 skal opparbeide nærleikeplass innanfor f\_BLK6.
  - Felt BB3 skal opparbeide sandleikeplass innanfor f\_BLK6.
  - Felt BB4 skal opparbeide f\_BLK7.
  - Felt BB5 skal opparbeide f\_BLK5 og f\_BLK8.
- 3.9 Før det gjevast bruksløyve for bueingar innanfor felta BB1-5 skal det vere oppretta ei velforeining som skal ha ansvar for drift og skjøtsel av felles leike -og uteopphaldsareal.
- 3.10 Køyreveg o\_SKV4, med tilhøyrande sideanlegg, skal vera ferdig opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve for bustader innanfor felta BB1-5.
- 3.11 Tilkomst til gnr/bnr 35/67, 35/109, 35/41, 35/69, 35/56 skal vere sanert og ny tilkomst via o\_SKV4 skal vere ferdig opparbeida før det kan gjevast midlertidig bruksløyve for bustader innanfor felta BB1-5. Avkøyrsløse frå o\_SKV4, angjeve på plankart, kan flyttast for betre tilpassing til terreng og ved detaljregulering av feltet.
- 3.12 Kommunaltekniske anlegg f\_BRE1-4 skal vera ferdigstilt i takt med utbygginga.
- 3.13 Før det vert gjeve bruksløyve for nye bustader skal høgsent i luftlinje, innanfor feltet BB1-5, vere fjerna og ny trasè etablert under grunnen.
- 3.14 Utbyggingsrekkefølge  
Felta BB1-5 og o\_SKV\_4 med tilhøyrande fortau skal byggast ut før det vert gjeve løyve til oppføring av bygningar innanfor andre felt for utbygging i planen.
- 3.15 Tiltak innanfor felt VNS skal vere ferdig opparbeida før det gjevast igangsetningsløyve for bustadbygging innanfor felt BKS1-5.

## § 4 EIGARFORM

### 4.1 Offentlige arealformål

- 4.1.1 Følgjande areal skal vere offentlege:
- o\_BIA er offentlig idrettsanlegg
  - o\_BLK9 er offentlig leikeplass

- o\_SKV1-3 er offentlege vegareal for eksisterande og framtidige trafikk-løysingar langs fylkesveg.
- o\_SKV4-5 er offentlege køyreveggar
- o\_SF1-3 er offentlege fortau
- o\_SGS1-3 er offentlege gang- og sykkelveggar
- o\_SVG1-11 er offentlege anna veggrunn -grønt areal
- o\_SVT1-16 er offentlege anna veggrunn-tekniske anlegg.
- o\_SKH1-2 er offentlege kollektivhaldeplassar
- o\_GF er offentlig friområde
- o\_GT er offentlig turveg

### 4.2 Felles arealformål

- f\_BUT er felles uteareal for BKS3 og BFS1.
- f\_BRE1-4 er felles renovasjonsareal for BBB1-5.
- f\_BLK1-8 er felles leikeplassar for BBB1-5.

## § 5 BYGG OG ANLEGG (pbl § 12-5 nr.1)

### 5.1 Bustader

- 5.1.1 Innanfor BB1-5 kan det oppførast inntil 76 fleirmannsbustader, rekkehus og husvære i blokk med tilhøyrande tekniske anlegg, uthus, garasje/parkeringsanlegg.
- 5.1.2 Innanfor felt avsett til konsentrert busetnad kan det byggast rekkehus og fleirmannsbustader. Oppføring av einebustad er ikkje tillate. Maksimalt tillatne utbygging av nye bustadeiningar:
- BKS1: 12 bustader  
BKS2: 15 bustader  
BKS3: 35 bustader  
BKS4: 6 bustader  
BKS5: 6 bustader
- 5.1.3 Innanfor eksisterande einebustadfelt kan det fortettast innanfor utnyttingsgrad angjeven på plankartet.
- 5.1.4 Det skal settast av 1,5 parkeringsplass pr. bustadeining i felt regulert til busetnad i blokk og konsentrert busetnad. Parkering kan løysast innanfor feltet eller på nærliggande parkeringsplass innanfor planområdet. Innanfor felt sett av til frittliggande busetnad skal det setjast av 2 parkeringsplassar pr. eining innanfor feltet.
- 5.1.5 1/3 av alle nye bustader skal vera tilgjengelege bustadeiningar.
- 5.1.6 Tekniske installasjonar skal implementerast i bygningskroppen. Takoppbygging kan maksimalt

dekka 15% av den totale takflata på bygget.  
Tekniske installasjonar skal byggast inn.

## 5.2 Utnytting

- 5.2.1 Maksimal % BYA går fram av plankart. Balkongar og liknande som ligg nærare enn 5 m over terrenget, ramper og terrasser over 0,5 m over terrenget inngår i %BYA, og skal synleggjerast i utomhusplan og teikningsdokumentasjon til søknad om tiltak.
- 5.2.2 Bustader skal etablerast innanfor regulerte tomtegrenser

## 5.3 Byggjehøgder

- 5.3.1 Maksimal mønehøgde for felt regulert til busetnad i blokk er 13,5 m over gjennomsnittleg planert terreng. Maksimal mønehøgde for konsentrert busetnad er 9,5 m. over gjennomsnittleg planert terreng.

## 5.4 Leikeplassar

- 5.4.1 Leikeareala skal liggja solvendt, vera skjerma for sterk vind, forureining, elektromagnetiske felt og støy. I støyutsette, opparbeida områder skal det etablerast støyskjerming. Leikeplassane skal vere avgrensa mot veg og ha trafiksikker tilkomst. Minimum 50% av arealet skal ha sol ved vårjamndøgn kl 15.

Sandleikeplassane skal vere tilpassa småbarnsleik med sandkasse og utstyr som passar aldersgruppa. Småbarnsleikeplassane skal ikkje ligge meir enn 50m frå bustadane. Mesteparten av arealet skal vere flatt.

Nærleikeplassane skal vere tilpassa balleik, sykling og aking. Minimum 50% av arealet skal vere flatt. Maksimal avstand mellom bustader og nærleikeplass er 150m.

- 5.4.2 Det skal etablerast aldersdifferensierte leikeplassar innanfor kvart delfelt.

Innanfor felt BB1-5 skal det totalt etablerast 4 x 250m<sup>2</sup>sandleikeplassar og 3x500m<sup>2</sup> nærleikeplassar. Leikeplassane skal minimum opparbeidast lik angjeve areal og ha følgjande funksjon:

- f\_BLK1: sandleikeplass 50 m<sup>2</sup>
- f\_BLK2: sandleikeplass 250m<sup>2</sup>, felles møteplass
- f\_BLK3: nærleikeplass 500m<sup>2</sup>
- f\_BLK4: sandleikeplass 250m<sup>2</sup>, felles møteplass
- f\_BLK5: sandleikeplass 250m<sup>2</sup>
- f\_BLK6: nærleikeplass 500m<sup>2</sup>, sandleikeplass 250m<sup>2</sup>
- f\_BLK7: nærleikeplass 500m<sup>2</sup>
- f\_BLK8: sandleikeplass 250 m<sup>2</sup>, felles møteplass

- 5.4.3 Leikeplassar skal gjerdast inn mot veg og utstyrt med godkjente sittegrupper og leikeapparat, t.d. sandkasse, huskestativ og sklie. Minimum to leikeapparat eller liknande skal etablerast på kvar leikeplass. Det skal etablerast regnbed på flomutsette områder innanfor felta. Regnbede skal integrerast i anlegget.

- 5.4.4 Areal avsett til leik skal utgjere minimum 50% av totalt minste uteoppfallsareal.

## 5.5 Uteoppfallsareal

- 5.5.1 For bustadeiningar i felt regulert til busetnad i blokk skal det setjast av minimum 25 m<sup>2</sup> privat uteoppfallsareal og 25 m<sup>2</sup> felles uteoppfallsareal. For bustadeiningar i felt regulert til konsentrert busetnad skal kvar bustadeining ha minimum 50 m<sup>2</sup> privat uteareal og minimum 50 m<sup>2</sup> skal setjast av til felles uteoppfall. Maksimum 50% av privat uteoppfallsareal kan løysast på balkong eller takterrasse. Felles uteareal skal løysast innanfor feltet eller på tilstøytande felt.

- 5.5.2 Uteoppfallsareala skal plasserast solvendt, ha ei funksjonell form og skjermast mot vør, vind, forureining, elektromagnetiske felt, støy og trafikkfare. Areal brattare enn 1:3 skal ikkje reknast med som uteoppfallsareal. Viktige utsiktpunkt kan medreknast i uteoppfallsareal og kan vere brattare enn 1:3. Bratte areal og skrentar skal sikrast med gjerde før bruksløyve for tilstøytande bustader.

- 5.5.3 Alle felles uteoppfallsareal skal opparbeidast og plantast til der det ikkje er bart fjell. Stadeigen vegetasjon bør vektleggast. Svartlista artar skal fjernast og skal ikkje plantast. Det skal setjast opp benkar og tilretteleggast for møteplassar for ungdom og vaksne.

- 5.5.4 Innanfor felt f\_BUT skal det etablerast utegym med tilpassa treningsapparat for føremålet.

## 5.6 Idrettsanlegg

- 5.6.1 Innanfor felt o\_BIA skal det etablerast idrettsanlegg med tilhøyrande bygningar. Mindre justeringar mellom gjeldande regulering for tilkomst og parkeringsanlegg og felt o\_BIA er tillat. Detaljteikning datert 13.08.2015 er retningsgjevande for opparbeiding og utbygging. Ved søknad om ytterlegare utbygging skal kommunen godkjenne utforminga og omfanget. Søknaden må innehalde:
- Situasjonsplan og terrengsnitt
  - Utreiing om høve til andre arealføremål, støy, visuell verknad, universell tilgjenge og parkerings- og trafiksituasjon.

## § 6

### SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 2)

- 6.1 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur**
- 6.1.1 Detaljteikningar for samferdsle-løysingar ved kollektivknutepunktet skal vere godkjende av Statens Vegvesen før rammeløyve kan gjevast.
- 6.1.2 Alle avkjørslar, angeve på plankartet, kan justerast der dei ikkje kjem i konflikt med frisikt, andre føremål eller naturverdiar.
- 6.2 Annan veggrunn**
- 6.2.1 Innanfor felt o\_SVT1-16 er det tillate med tekniske installasjonar under og over grunnen der det ikkje kjem i konflikt med frisikt.

## § 7

### GRØNSTRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 3)

- 7.1 Tursti**
- 7.1.1 Turstiar og turveg o\_GT skal anleggjast med særskilt omsyn der det er elv eller kultur-, natur- og landskapsverdiar.
- 7.2 Vegetasjonsskjerm**
- 7.2.1 Felt o\_GV1-3 er vegetasjonsskjermer som skal plantast med tre for visuell skjerming for bustadfelta mot Fv 561.
- 7.3 Friområde**
- 7.3.1 Felt o\_GF er friområde. Feltet skal nyttast til møteplass for nabolaget.

## § 8

### LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL

(pbl § 12-5 nr. 5)

- 8.1 Naturformål av LNF**
- 8.1.1 Innanfor felt LNA1-10 kan det etablerast tiltak som forbetrar allmenn ferdsle. Områda skal skjøttast.

## § 9

### BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE

(pbl § 12-5 nr. 6)

- 9.1 Naturområde i sjø og vassdrag**
- 9.1.1 Innanfor felt VNS1 skal det opparbeidast tursti, bru over elva og trapp for ål. Innanfor VNS2 skal det vurderast om det skal gjerast tiltak i og langs bekkeløpet for å betre tilhøva for ål. Alle tiltak skal gjerast i samråd med vassdragsbiolog. Andre tiltak som ikkje omfattar handtering av overvatn eller utbetring av elva er ikkje tillate. Elva skal hevast opp til røyr under Fv561.
- 9.1.2 Innanfor felt VNS3 er det ikkje tillate med tiltak.
- 9.1.3 Ved søknad om tiltak på tilstøytande areal skal det dokumenterast at tiltaket ikkje medfører negativ konsekvens av felt VNS1-2. Dette gjeld særskilt handtering av overvatn.

## § 10

### OMSYNSSONER

(pbl § 12-6)

- 10.1 Sikringsone** (pbl § 11-8 a)
- 10.1.1 Innanfor frisiktsona skal avkjørslar ha ei fri sikt på 0,5 meter over plan på tilgrensande veg.
- 10.2 Støysone** (pbl § 11-8 a)
- 10.2.1 Ved søknad om rammeløyve for bustadeiningar som ligg innanfor støysoner skal det dokumenterast at ute- og inneareal har forsvarleg støynivå.
- 10.3 Flaumfare** (pbl § 11-8 a)
- 10.3.1 Innanfor felt BKS3 kan det berre byggast ut med bustader og anlegg dersom det er etablert tilstrekkeleg sikringstiltak. I samband med detaljregulering skal handtering av myrlendt areal vektleggast i planprosessen. Det skal vurderast masseutskifting eller andre tiltak som reduserar flaumfaren.
- 10.4 Sone med særskilde omsyn** (pbl § 11-8 c)
- 10.4.1 Innanfor omsynssoner H\_550 skal det ikkje gjerast tiltak som fører til skade eller negativ verknad på natur eller landskapsformasjonar.
- 10.4.2 Innanfor omsynssone H560, bevaring naturmiljø, skal det ikkje gjerast tiltak som gjev negativ konsekvens for artsmangfaldet.
- 10.4.3 Omsynssone H570\_1 er eit automatisk freda kulturminne. Tiltak som er egna til å skiple kulturminneverdiane i omsynssona er ikkje tillate. Alle tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.

- 10.4.4 I omsynssone H570\_2 er eit automatisk freda kulturminne. Tiltak som er egna til å skippe kulturminneverdiane i omsynssona er ikkje tillate. Alle tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8. Alle tiltak knytt til vegen vest for omsynssona må gjerast på vestre side av veg. Det må ikkje gjerast ytterligere tiltak i samband med stopplassen vest for lokaliteten.
- 10.4.5 I omsynssone H730\_1 er ein groplokalitet med Askeladden-id 222069. Kulturminnet er automatisk freda jf. kulturminnelova § 4. Inngrep er ikkje tillate. Aktivitet som er egna til å øydeleggje, skade, tildekke eller utilbørleg skjemme kulturminnet, eller framkalle fare for dette, er ikkje tillate, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.
- 10.4.6 I omsynssone H730\_2 er ein hellar med Askeladden-id 222067. Kulturminnet er automatisk freda jf. kulturminnelova § 4. Inngrep er ikkje tillate. Aktivitet som er egna til å øydeleggje, skade, tildekke eller utilbørleg skjemme kulturminnet, eller framkalle fare for dette, er ikkje tillate, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.

## VEDLEGG

### A. Juridisk bindande:

- Plankart datert 21/10-2019

### B. Retningsgjevande:

- Forprosjekt Toftøy Idrettsanlegg. Detaljteikning datert 13/08-2015.
- Illustrasjonsplan for BB1-5 datert 21/10-2019.